



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon  
Jørgen Aarø, 55 57 20 46  
Rune Mikkelsen, 55 57 21 81

Vår dato  
03.04.2013  
Dykkar dato

Vår referanse  
2013/4524 433.2  
Dykkar referanse

Bjørn Egil Nordland  
Solheimslia 149  
5983 HAUGSVÆR

### Løyve til utsetting av fjelledelgran til juletreproduksjon

---

#### **Bjørn Egil Nordland får løyve på bestemte vilkår til utsetting av fjelledelgran på gnr. 46 bnr. 2 i Masfjorden kommune.**

---

Vi viser til søknaden vi mottok 25. mars 2013 om utsetting av fjelledelgran til juletreproduksjon på gnr. 46 bnr. 2 i Masfjorden kommune. Søknaden er vurdert i samarbeid mellom fylkesmannen sin miljøvern- og klimaavdeling og landbruksavdelinga.

Saka er handsama etter forskrift av 25. mai 2012 nr. 460 om utsetting av utanlandske treslag til skogbruksføremål, med heimel i naturmangfaldlova. Dei miljørettslege prinsippa i naturmangfaldlova kapittel II ligg til grunn for sakshandsaminga.

#### **Treslag og mengd**

Det er søkt om å plante ut 70 fjelledelgran (*Abies lasiocarpa*) i 2013 på eit område som er om lag 0,2 daa stort.

Fjelledelgran er plassert i risikokategorien *lav risiko* (LO) og er ikkje eit svartelista treslag<sup>1</sup>.

#### **Utsettingsområdet**

Juletrefeltet ligg ved austsida av Hopsvatnet og har tidlegare vore tilplanta med gran (*Picea abies*). Grana har vore nytta til juletre og litt hogst.

Det er i Naturbase og Artskart ikkje registrert sjeldne eller trua artar eller MiS-figurar<sup>2</sup> i utsettingsområdet eller tilgrensande til dette.

Nær utsettingsområdet er det i Naturbase registrert ein fattig edellauskog med verdivurderinga *lokalt viktig*, men juletrefeltet går ikkje inn i dette området.

---

<sup>1</sup> Gederaas, L., Moen, T.L., Skjelseth, S. & Larsen, L.-K. (red.) 2012. *Fremmede arter i Norge – med norsk svarteliste 2012*. Artsdatabanken, Trondheim.

<sup>2</sup>MiS-figurar er registrerte naturelement i programmet Miljøregistreringar i Skog som er nytta i skogbruket.

## **Vurdering**

Det omsøkte utsettingsområdet er lite, ligg i eit avverka granfelt og kjem ikkje i konflikt med viktige, registrerte naturverdiar i nærleiken. Fjelledelgran er ikkje eit svartelista treslag, og omfanget av tiltaket er lite. Alle trea skal hoggast før dei set frø, noko som minimerer spreingsfaren til kringliggande område.

Vår vurdering er at saka er godt nok opplyst til å fatte eit vedtak jf. kravet til kunnskapsgrunnlaget og føre-var-prinsippet i naturmangfaldlova §§ 8 og 9. Vi kan ikkje sjå at produksjon av juletre på det omsøkte arealet vil medføre uheldige følgjer for naturmangfaldet.

Sidan planting skal skje på eit areal som tidlegare var tilplanta med gran vil ikkje naturmangfaldet bli påverka utover det som er tilfellet i dag, jf. naturmangfaldlova § 10 om økosystemtilnærming og samla belastning.

Etter naturmangfaldlova § 11 skal kostnadane ved å hindre eller avgrense skade på naturmangfaldet berast av tiltakshavar. Dersom brot på vilkåra i løyvet fører til skade på stadeige naturmangfald må tiltakshavar bere kostnadane for å rette opp i dette.

Val av driftsmetodar og teknikkar skal etter § 12 ta best mogleg omsyn til naturmiljøet, slik at resultatet gjev dei beste samfunnsmessige resultat. Utover dei føringar som følgjer av anna lovverk, som til dømes for bruk av sprøytemiddel, har vi ikkje spesielle merknadar til dette i denne saka.

## **Vedtak**

Bjørn Egil Nordland får løyve til å sette ut 70 fjelledelgran i 2013 på gnr. 46 bnr. 2 i Masfjorden kommune på følgjande vilkår:

- Løyvet gjeld for det omsøkte området i kartvedlegget.
- Trea må hoggast før dei set frø.
- Rutinar for å sikre hogst før frøsetting må verte etablerte, og dokumentasjon på dette må visast fram ved eventuelle tilsyn.
- Dette dokumentet må gjerast kjend og overført til ny grunneigar ved eventuelt eigarskifte.
- Dersom juletreproduksjon på eigedomen vert avvikla må trea hoggast.

## **Klageadgang**

Vedtaket kan påklagast innan tre veker, jf. forvaltningslova §§ 28 og 29. Klaga skal stilast til Direktoratet for naturforvaltning, men sendast til Fylkesmannen i Hordaland, jf. forvaltningslova § 32.

## **NB!**

Eit løyve gitt i medhald av forskrift om utsetting av utanlandske treslag til skogbruksføremaal gir ikkje automatisk omdisponering av arealet til skogbruk. Dersom det ikkje er søkt om omdisponering av arealet må du kontakte kommunen.

Med helsing

Stein Byrkjeland e.f.  
seniorrådgjevar

Jørgen Aarø  
rådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

**Kopimottakarar**

Direktoratet for naturforvaltning (DN)	Postboks 5672 Sluppen	7485	Trondheim
Masfjorden kommune	Kommunehuset	5981	MASFJORDNES
WWF			
SABIMA			